



Til adresseliste

Vår dato: 01 JULI 2013

Vår ref.: NVE 201005999-6 ki/baso

Arkiv: 313 /064

Dykkar dato:

Dykkar ref.:

Sakshandsamar:

Bård Ottesen

22 95 95 28

Lerøy Vest AS – Søknad om løyve til regulering og uttak av vatn frå Husdalsvatnet i Lindås kommune, Hordaland – høyring

NVE har motteke ein søknad frå Lerøy Vest AS avd. Bjørsvik, datert 25.06.2013, om løyve til regulering og uttak av vatn frå Husdalsvatnet i Lindås kommune.

Lerøy Vest AS, avd. Bjørsvik søker om å ta ut vatn frå Husdalsvatnet i samband med søknad om utviding av produksjonen frå 2,5 til 5 millionar settefisk. Det vert søkt om eit gjennomsnittleg vassuttak på 40 m³/min (667 l/s) og eit maksimalt vassuttak på 60 m³/min (1000 l/s). Det vert også søkt om å regulere Husdalsvatnet mellom kote 47 (LRV) og kote 51 (HRV). Dette svarar til dagens regulering av vatnet. Overføring av nabofelt mot nord til Husdalsvatnet skal oppretthaldast slik som i dag. Eksisterande røyrgate frå Husdalsvatnet til den gamle kraftstasjonen skal behaldast. Ny vassveg skal koplase til eksisterande røyrgate, der vatnet skal først gjennom eit nytt kraftverk før det renn vidare til settefiskanlegget. Det er ikkje planlagt slepp av minstevassføring.

Søknaden skal handsamast etter reglane i kap. 3 i vassressurslova og gjeld løyve etter vassressurslova § 8. Søknaden med vedlegg vert lagt ut på www.nve.no/konsesjonssaker, og den vert kunngjort av NVE. Kopi av kunngjeringa ligg ved. Dersom de ønskjer papirutgåve av søknaden, kan de kontakte Svein Nøttveit på tlf. 958 38 871 eller e-post: Svein.Nottveit@sjotroll.no.

NVE ber Lindås kommune leggje to eksemplar av søknaden ut til offentleg ettersyn på Rådhuset i Knarvik fram til **09.09.2013**. Det eine eksemplaret kan, om naudsynt, lånast ut for kortare tid (2-3 dagar). Det andre må ikkje fjernast frå utleggingsstaden.

Vi syner elles til vedlagde informasjonsark som forklarar sakshandsaminga frå saka vert sendt på høyring til endeleg vedtak. Av dette går det fram kva for tilbakemelding vi ønskjer.

NVE føretrekkjer at fråsegner vert sendt oss elektronisk via www.nve.no/konsesjonssaker så snart som mogeleg og seinast innan **09.09.2013**. I tillegg kan ein sende fråsegner per e-post til nve@nve.no eller per post til: NVE, Konesjonsavdelinga, Postboks 5091 Majorstua, 0301 Oslo.

E-post: nve@nve.no, Postboks 5091, Majorstuen, 0301 OSLO, Telefon: 09575, Internett: www.nve.no

Org.nr.: NO 970 205 039 MVA Bankkonto: 7694 05 08971

Hovedkontor

Middelthunsgate 29
Postboks 5091, Majorstuen
0301 OSLO

Region Midt-Norge

Vestre Rosten 81
7075 TILLER

Region Nord

Kongens gate 14-18
8514 NARVIK

Region Sør

Anton Jenssensgate 7
Postboks 2124
3103 TØNSBERG

Region Vest

Naustdalsvn. 1B
Postboks 53
6801 FØRDE

Region Øst

Vangsvæien 73
Postboks 4223
2307 HAMAR



Fråsegner eller delar av fråsegna vert referert i eit endeleg vedtak. Om fråsegna er lang, er det difor ein fordel om det vert utarbeidd eit samandrag som kan brukast til dette.

Med helsing

Silje Aakre Solheim
for Gry Berg
seksjonssjef

Bård Ottesen
Bård Ottesen
overingeniør

Vedlegg: 4 Søknad til kommunen
Kunngjeringstekst
Informasjonsark
Adresseliste

Adresseliste for: Søknad om løyve til regulering og uttak av vatn frå Husdalsvatnet, Lindås kommune i Hordaland – Lerøy Vest AS avd. Bjørsvik

Handsamast etter: Vassressurslova

Vert kunngjort av NVE ved CIA Media Marketing 1 gong i: Strilen og Nordhordland

Tal på søknadar	Namn/adresse
3	Lindås kommune, Kvernhusmyrane 20, 5914 ISDALSTØ
	Fylkesmannen i Hordaland, Pb. 7310, 5020 BERGEN
	Hordaland fylkeskommune, Pb. 7900, 5020 BERGEN
	Naturvernforbundet i Bergen og Hordaland, Pb. 1201 Sentrum, 5811 BERGEN
	NJFF Hordaland, Tverrgt. 4-6, 5017 BERGEN
	Forum for natur og friluftsliv i Hordaland v/Bergen Turlag, Tverrgt. 4-6, 5017 BERGEN
	Bergen og omland Friluftsråd, Hellebakken 45, 5039 BERGEN
	Nordhordland Turlag, Tverrgt. 4-6, 5017 BERGEN
	Fiskeridirektoratet, Postboks 185 Sentrum, 5804 BERGEN
	Mattilsynet, Felles postmottak, Postboks 383, 2381 BRUMMUNDDAL
	TBM – Katarina Eftevand
	TBD – Oddvar Indrebø

Kopi: Lerøy Vest AS avd. Bjørsvik, Bontelabo 2, 5020 BERGEN

- KUNNGJERING -

Søknad om løyve til regulering og uttak av vatn frå Husdalsvatnet i Lindås kommune

Lerøy Vest AS avd. Bjørsvik søker om løyve etter vassressurslova til regulering og uttak av vatn frå Husdalsvatnet. Det vert søkt om eit gjennomsnittleg vassuttak på 40 m³/min (667 l/s) og eit maksimalt vassuttak på 60 m³/min (1000 l/s). Det vert også søkt om å regulere Husdalsvatnet mellom kote 47 (LRV) og kote 51 (HRV). Dette svarar til dagens regulering av vatnet.

Søknaden med vedlegg er lagt ut til offentleg ettersyn på Rådhuset i Knarvik og på NVE sine nettsider www.nve.no/konsesjonssaker fram til høyringsfristen går ut. Kontakt søkjar på tlf. 958 38 871 eller e-post: Svein.Nottveit@sjotroll.no om De ynskjer papirutgåve av søknaden. Fråsegn kan sendast elektronisk via www.nve.no/konsesjonssaker, per e-post til nve@nve.no eller per post til: NVE, Konsesjonsavdelinga, Postboks 5091 Majorstua, 0301 Oslo innan **09.09.2013**.

Orientering til høyringspartane

Generelt

NVE har heimel til å gje løyve i saker som gjeld utbygging av småkraftverk og andre vassdragstiltak. Løyve til større kraftutbyggingar blir gjeve av Kongen i statsråd.

Denne orienteringa gjeld saker der NVE kan gje løyve etter § 8 i vassressurslova.

Handsaming av søknaden fram til endeleg avgjerd

NVE sender informasjon om høyringa til kommunar, fylkesmenn (FM), fylkeskommunar (FK), statlege forvaltingsorgan og interesseorganisasjonar som saka vedkjem. Høyringsperioden er minst 6 veker. Saka vert kunngjort i minst ei avis i distriktet og kommunen legg søknaden ut til offentleg gjennomsyn, ev. utlån. Søknaden vert òg lagt ut på www.nve.no/konsesjonssaker med tilgang til å sende inn fråsegn elektronisk.

Søkjar får høve til å kommentere innkomne fråsegner før NVE gjennomfører synfaring i området.

I heilskapsvurderinga står NVE fritt til å vurdere om løyve bør gjevast og i kva omfang, jf. vassressurslova § 25. Søknaden og innkomne høyringsfråsegner er viktige grunnlag for NVE si vurdering.

Dersom NVE gjev løyve, kan det bli knytt vilkår til dette, jf. vassressurslova § 26. Vilkåra kan omfatte byggjefristar, vasslepping, naturforvaltning, fornminne og sanksjonar ved ev. brot på vilkåra.

NVE si avgjerd kan påklagast til Olje- og energidepartementet innan 3 veker frå det tidspunkt underretning er kome fram til parten.

Kva vert forventet av høyringsinstansane?

Kommunen bør gje grunnlegjende synspunkt på om planane bør gjennomførast, ev. val av alternativ. Vi ber kommunen informere om kjende allmenne interesser (t.d. landskap, friluftsliv, fisk og vilt) som tiltaket kan få følgjer for, og ev. andre faktiske tilhøve som kan få innverknad på gjennomføringa. NVE ønskjer forslag til vilkår eller avbøtande tiltak som kan redusere ev. skader ved gjennomføring av planane. NVE ventar at kommunen omtalar tilhøve til kommuneplanen og andre kommunale planar.

FM bør leggja vekt på tilhøva omkring miljø, medrekna fisk og biologisk mangfald, og vurdere tiltaket i høve til sektorlovgevinga.

FK bør leggja vekt på kulturminne og friluftsliv som er særlege ansvarsområde.

Motsegn og klagerett

Det er ikkje krav om reguleringsplan etter plan- og byggningslova for tiltak der det krevjast konsesjonshandsaming. For å ta hand om retten til å fremja motsegn som kommunar og statlege fagetatar har hatt til reguleringsplanar, er det teke inn reglar i vassressurslova om motsegn og klagerett. NVE understrekar at ei ev. motsegn må fremjast i høyringsperioden.

NVE syner til våre nettsider for meir informasjon: www.nve.no/konsesjonssaker.